

Monica Eikås
Kvernhusveien 5
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6223 - 22/65804

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
31.08.2022

Løyve til utslepp av avløpsvatn - gbnr 337/2

Administrativt vedtak:	Saknr:
Byggestad:	Gbnr: 337/2
Tiltakshavar:	Monica Eikås
Ansvarleg søker:	Vest Vvs As
Søknadstype:	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for einebustad på gbnr. 377/2 på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasses A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eideomen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13
5. Eideomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
8. Før avløpsanlegget takast i bruk må det ligge føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

Vedtaket er hjemla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for einebustad på gbnr. 337/2 Ådland søre.

I søknaden er det opplyst at utsleppet fra eideommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP før utsleppet vert ført vidare lukka jordbruksgrøft.

Minireinseanlegget skal erstatta eksisterande slamavskiljar.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 22.08.2022

Planstatus

Eideomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF føremål.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2 i bygesak 22/6215.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gnr. 337/45 Vestland fylkeskommune ved brev av 08.08.2022: Situasjonskartet som er lagt ved viser ikkje avstand mellom tiltaket og fylkesvegen. Dersom tiltaket vert liggande innanfor byggegrensa til fylkesvegen må det søkast om dispensasjon til oss. Vi har ikkje andre merknader til nabovarselet.

Tiltakshavar har ikkje kommentert nabomerknad men har i vedlagt kart vist at tiltaket ligg meir enn 50 meter frå fylkesveg.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 05.07.22.

Reinseløsing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Om anlegget er avhengig av at det må tömmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tömmebil vere maksimum 100 meter, og

botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eiedom, på gbnr., 337/2. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eiedom fram til lukka jordbruksgrøft.

KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reining av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til lukka jordbruksgrøft

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 22/6215.

GENERELL INFORMASJON

Mynde til å gjøre vedtak i saka

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Du kan klage på dette vedtaket

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller saerskilt klagenemnd, jf. [forureningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Anlegget er ditt ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Du må sette i gang innen tre år

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikke sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Kommunens tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/6223

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsén
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Monica Eikås Vest Vvs As	Kvernhusveien 5 Torvhusmyrane 18	5164 5913	LAKSEVÅG EIKANGERVÅG
-----------------------------	-------------------------------------	--------------	-------------------------